







| Løpe-<br>nr. | Namn i<br>offentleg<br>bruk/forslag<br>Type stad | Merknader og tilråding frå Språkrådet | Uttale og skriftradisjon<br>Høyingsfråsegner<br>Kartverkets vurdering | Kartverkets<br>vedtak |
|--------------|--|---------------------------------------|---|-----------------------|
|--------------|--|---------------------------------------|---|-----------------------|

|  |                            |  |   |             |     |             |               |  |  |   |  |  |  |  |  |  |
|--|----------------------------|--|---|-------------|-----|-------------|---------------|--|--|---|--|--|--|--|--|--|
| 1                                      | Hommelunden<br><br>Gard 28 | <p>Språkrådet gjev att informasjon frå <i>Norske Gaardnavne</i>: «Gaardnavnet brukes ikke, idet man til nøiagtigere Angivelser i Dagligtalen anvender de saakaldte Stuenavne (et for hver Eier), som ikke findes i Matrikelen, og i Underskrift og i Dagligtalen som Grændenavn bruger Homme, udt. (vexlende efter Dialektens Regler for Sætningsbetoningen) Haamm eller Haa`mmi; dette gjelder GN. 28-31 tilsammen. Dette Homme er det samme, som (se "Forsvundne Navne") 1547 nævnes som Gaardnavn i Homæ og 1559 (i en fra andre Landsdele laant Lydform) paa Qvamme. Homme, udt. Haamm, er opr. Dat. og Haamm opr. Akk. af Homm, Dialektens Form af oldn. hvammr m., der sædvanlig pleier at have Betydningen: kort Dal omgiven af Høider (Indl. S. 57), men i Sætersdalens Fogderi (hos Ross anført fra Mandalsdalen) i Betydningen: Skogholt eller skogbevoxet Havnegang. Beliggenheden kan her vanskelig tilstede Muligheden af, at Navnet er givet med den Betydning, det andensteds pleier at have. Da Gaarden synes at være gammel, er det derfor tvivlsomt, om den Betydning, Ordet Homm har i Dialekten her, som Ross antager, kan være paavirket af holmr, holmi, i dets Dialektform uden l».</p> <p>Vidare viser dei til at bygdeboka <i>Valle kommune. Gards- og ættesoge Valle</i> (band V, Alfred Ryningen 1987) har oppslagsforma <i>Hommelunden</i>, men at det står: «Hommelunden og Gråmannshus utgjør til saman Nørdre Homme eller Nordigard [...] Skrivemåten har stundom vore Hommelunden og stundom</p> | <p><b>Uttale og skriftradisjon:</b><br/><i>Norske Gaardnavne</i> har oppslagsforma <i>Hommelunden</i> og uttalen <i>hø`mmelunden</i> [-londenn]. Eldre skrivemåtar er <i>Lunderhuus</i> (1595?), <i>Homme</i> (1610, 1611?), <i>Lundenn</i> (1626) og <i>Hommelunden</i> (1668, 1723).</p> <p>Bustadnamarkivet (1957) har oppslagsforma <i>Hommelunden</i> og uttalen <i>hømm</i>:</p> <table border="1"> <tr> <td>Hommelunden</td> <td>28.</td> <td>78052 Valle</td> </tr> <tr> <td colspan="3" style="text-align: center;">= <i>hømm</i></td> </tr> <tr> <td colspan="3" style="text-align: center;">i</td> </tr> <tr> <td colspan="3" style="text-align: center;">Garden ligg i ein stutt, halvrand dal.</td> </tr> </table> <p><i>Hommelunden</i> på Norge 1:50 000 frå m.a. 1970.</p> <p><b>Kartverkets vurdering:</b><br/>Både <i>Norske Gaardnavne</i> og bygdeboka viser at gardsnamnet, <i>Hommelunden</i>, ikkje er i bruk, og <i>Norske Gaardnavne</i> legg til at ein i staden nyttar dei enkelte daglegnamna («stuenavne»). Sidan namnet til gard 28 i Valle ikkje er i bruk, set vi namnet som historisk i SSR. For dei enkelte bruka nyttar vi daglegnamna. Sjå dei individuelle namna nedanfor.</p> | Hommelunden | 28. | 78052 Valle | = <i>hømm</i> |  |  | i |  |  | Garden ligg i ein stutt, halvrand dal. |  |  |  |
| Hommelunden                            | 28.                        | 78052 Valle  |   |             |     |             |               |  |  |   |  |  |  |  |  |  |
| = <i>hømm</i>                          |                            |  |   |             |     |             |               |  |  |   |  |  |  |  |  |  |
| i                                      |                            |  |   |             |     |             |               |  |  |   |  |  |  |  |  |  |
| Garden ligg i ein stutt, halvrand dal. |                            |  |   |             |     |             |               |  |  |   |  |  |  |  |  |  |


| Løpe-<br>nr. | Namn i<br>offentleg<br>bruk/forslag<br>Type stad | Merknader og tilråding frå Språkrådet  | Uttale og skrifttradisjon<br>Høyringsfråsegner<br>Kartverkets vurdering  | Kartverkets<br>vedtak |
|--------------|--|--|--|-----------------------|
|              |  | <p>Homelunden eller -lundenn. Nokon uttale av namnet er det ikkje særleg grunn til å gjeve opp, sidan det helst ikkje vert nytta i daglegtalen».</p> <p><u>Tilråding:</u> Sidan gardsnamnet tydelegvis ikkje er nytta, meiner vi at det bør stå som historisk i SSR. For dei einskilde bruksnamna tilrår vi daglegnamna, sjå nedanfor.</p> |  |                       |
| 2            | <p>Hommelunden<br/>Innistog</p> <p>Bruk 28/1</p> | <p>I bygdeboka har bnr. 1 oppslagsforma Innistog.</p> <p><u>Tilråding:</u> <b>Innistog</b></p>   | <p><b>Uttale og skrifttradisjon:</b><br/>Sjå òg løpenr. 1.</p> <p>Bustadnamnarkivet (1957):</p>  <p><u>Dagleg namn på bnr.1. I matr. = Hommelunden.</u></p> <p><b>Høyringsfråsegner:</b><br/>Knut Kjetilson Homme, eigar av bruk 28/1 skriv bruksnamnet slik: <i>Innistog Hommelunden.</i></p> <p><b>Kartverkets vurdering:</b><br/><b>Innistog</b> i samsvar med Bustadnamnarkivet og bygdeboka, samt Språkrådets tilråding. <i>Innistog</i> var òg føreslege skrivemåte i ei namneinnsamling gjord i 2008-2009.</p> | <b>Innistog</b>       |

| Løpe-<br>nr. | Namn i<br>offentleg<br>bruk/forslag<br>Type stad | Merknader og tilråding frå Språkrådet   | Uttale og skriftradisjon<br>Høyringsfråsegner<br>Kartverkets vurdering   | Kartverkets<br>vedtak |
|--------------|--|---|--|-----------------------|
| 3            | Hommelunden<br>Nistog<br><br>Bruk 28/2           | I bygdeboka har bnr. 2 namnet Nistog.<br><br><u>Tilråding: Nistog</u>   | <p><b>Uttale og skriftradisjon:</b><br/>Sjå òg løpenr. 1.</p> <p>Bustadnamnarkivet (1957):</p>  <p><b>Kartverkets vurdering:</b><br/><b>Nistog</b> i samsvar med bygdeboka, samt Språkrådets tilråding. <i>Nistog</i> var òg føreslege skrivemåte i namneinnsamlinga gjord i 2008-2009.</p> | <b>Nistog</b>         |
| 4            | Hommelunden<br>Tårstog<br><br>Bruk 28/3          | I bygdeboka har bnr. 3 namnet <i>Tårstog</i> og merkningen «Namnet er noko uvanleg – er fyrstelekken ei avstytt form av mannsnamnet Tarald, tru? (-I målføret er uttalen av det /tå`rål/). Ein kunne i tilfellet tenkje seg at Tarald Vrålsson, den fyrste bonden me veit om på denne delen av garden, kunne vere opphavet–».<br><br><u>Tilråding: Tårstog</u> i samsvar med uttalen. Denne skrivemåten bind i mindre grad forleddet til eit bestemt mannsnamn, sidan opphavet er usikkert. | <p><b>Uttale og skriftradisjon:</b><br/>Sjå òg løpenr. 1.</p> <p>Bustadnamnarkivet (1957):</p>  <p><b>Kartverkets vurdering:</b><br/><b>Tårstog</b> i samsvar med uttalen i Bustadnamnarkivet, samt Språkrådets tilråding.</p>   | <b>Tårstog</b>        |

| Løpe-<br>nr. | Namn i<br>offentleg<br>bruk/forslag<br>Type stad | Merknader og tilråding frå Språkrådet  | Uttale og skriftradisjon<br>Høyringsfråsegner<br>Kartverkets vurdering   | Kartverkets<br>vedtak |
|--------------|--|--|--|-----------------------|
|              |  |  | Som Språkrådet skriv er opphavet til førsteleddet usikker. <i>Tårstog</i> var òg føreslege skrivemåte i namneinnsamlinga gjord i 2008-2009.  |                       |
| 5            | Hommelunden<br>Brubakken<br><br>Bruk 28/6        | I bygdeboka har bnr. 6 namnet Brubakken.<br><br><u>Tilråding: <b>Brubakken</b></u> | <p><b>Uttale og skriftradisjon:</b><br/>Sjå òg løpenr. 1.</p> <p>Bustadnamnarkivet (1957):</p>  <p><b>Kartverkets vurdering:</b><br/><b>Brubakken</b> i samsvar med bygdeboka, samt Språkrådets tilråding. <i>Brubakken</i> var òg føreslege skrivemåte i namneinnsamlinga gjord i 2008-2009. Sisteleddet skrivast i samsvar med norsk rettskriving, jf. forskrift om stadnamn § 1 første ledd.</p> | <b>Brubakken</b>      |
| 6            | Hommelunden<br>Systog<br><br>Bruk 28/7           | I bygdeboka har bnr. 7 namnet Systog.<br><br><u>Tilråding: <b>Systog</b></u>       | <p><b>Uttale og skriftradisjon:</b><br/>Sjå òg løpenr. 1.</p> <p>Bustadnamnarkivet (1957):</p>   | <b>Systog</b>         |

| Løpe-<br>nr. | Namn i<br>offentleg<br>bruk/forslag<br>Type stad | Merknader og tilråding frå Språkrådet   | Uttale og skriftradisjon<br>Høyringsfråsegner<br>Kartverkets vurdering   | Kartverkets<br>vedtak |
|--------------|--|---|--|-----------------------|
|              |  |   |  <p><b>Kartverkets vurdering:</b><br/> <b>Systog</b> i samsvar med bygdeboka, samt Språkrådets tilråding. <i>Systog</i> var òg føreslege skrivemåte i namneinnsamlinga gjord i 2008-2009.</p>   |                       |
| 7            | Hommehaugen<br>Gard 30                           | <p>Språkrådet gjev att informasjon frå <i>Norske Gaardnavne</i>: ««Navnet erstattes af det fælles Navn Homme og «Stuenavne», der i Omfang svarer til Matriklens Brugsnavne, se Anmærkningen ved GN. 28».»</p> <p>Vidare viser dei til at bygdeboka har oppslagsforma <i>Hommehaugen</i>, og at det står: «Garden høyrer til Syndre Homme, eller Sygard, saman med Svalestoga. Liksom Svalestoga er Hommehaugen au helst eit papirnamn. Sjå elles bolken «Homme» om lægjet og tyding av namnet. Skrivemåten av namnet ned gjennom dansketidi har stort sett veksla mellom Hougen og Hommehougen, dessutan finst frå 1590åri formi <i>Backehuus</i>. Det namnet har me ikkje funne i nyare tid»</p> <p><u>Tilråding:</u> Sidan gardsnamnet tydelegvis ikkje er nytta, meiner vi at det bør stå som Historisk i SSR. For dei</p> | <p><b>Uttale og skriftradisjon:</b><br/> <i>Norske Gaardnavne</i> har oppslagsforma <i>Hommehaugen</i>, men skriv at namnet ikkje brukast. Eldre skrivemåtar er Backehus (1595), Hougenn (1626) og Hommehougen (1668, 1723). Sjå òg merknadene frå Språkrådet.</p> <p>Bustadnamnarkivet (1957) har oppslagsforma <i>Hommehaugen</i>, men ikkje uttaleopplysningar:</p>  <p><i>Hommehaugen</i> på Norge 1:50 000 frå m.a. 1970 og på økonomisk kartverk frå 1975.</p> <p><b>Kartverkets vurdering:</b><br/> Sjå løpenr. 1.</p> |                       |

| Løpe-<br>nr. | Namn i<br>offentleg<br>bruk/forslag<br>Type stad | Merknader og tilråding frå Språkrådet   | Uttale og skriftradisjon<br>Høyringsfråsegner<br>Kartverkets vurdering   | Kartverkets<br>vedtak |
|--------------|--|---|--|-----------------------|
|              |  | einskilde bruksnamna tilrår vi daglegnamna, sjå nedanfor.   |  |                       |
| 8            | Hommehaugen<br>Oppigard<br><br>Bruk 30/1         | I bygdeboka har bnr. 1 oppslagsforma Oppigard.<br><br><u>Tilråding:</u> <b>Oppigard</b>   | <b>Uttale og skriftradisjon:</b><br>Sjå løpenr. 7.<br><br><b>Kartverkets vurdering:</b><br><b>Oppigard</b> i samsvar med bygdeboka, samt Språkrådets tilråding. <i>Oppigard</i> var òg føreslege skrivemåte i namneinnsamlinga gjord i 2008-2009.  | <b>Oppigard</b>       |
| 9            | Hommehaugen<br>Haugan<br>Haugo<br><br>Bruk 30/2  | I bygdeboka har bnr. 2 oppslagsforma Haugan.<br><br><u>Tilråding:</u> Fråsegna kan tyde på at namnet har fått det som no må reknast som ei stivna dativform, jf. òg forma Haugo frå 1875 på arkivkortet. Vi tilrår difor skrivemåten <b>Haugo</b> . | <b>Uttale og skriftradisjon:</b><br>Sjå òg løpenr. 7.<br><br>Bustadnamnarkivet (1957):<br><br><br><b>Høyringsfråsegner:</b><br>Ketil A. Homme, eigar av bruk 30/2, skriv: «Rett skrivemåte er Haugo, ikkje Haugan. Haugo er gardsnamnet og har vore det i alle generasjonar.» | <b>Haugo</b>          |

| Løpe-<br>nr. | Namn i<br>offentleg<br>bruk/forslag<br>Type stad | Merknader og tilråding frå Språkrådet   | Uttale og skriftradisjon<br>Høyringsfråsegner<br>Kartverkets vurdering   | Kartverkets<br>vedtak |
|--------------|--|---|--|-----------------------|
|              |  |   | <b>Kartverkets vurdering:</b><br>Haugo i samsvar med høyringsfråsegna frå eigaren, opplysningane i Bustadnamnarkivet, samt Språkrådets tilråding.  |                       |
| 10           | Hommehaugen<br>Rota<br><br>Bruk 30/3             | I bygdeboka har bnr. 3 oppslagsforma <i>Ròta</i> . «Bruket skifte namn i samband med at husi laut flytjast då det var utskifting i Homme i 1877-79. Det gamle namnet var Systog».<br><br><u>Tilråding: Rota</u> | <b>Uttale og skriftradisjon:</b><br>Sjå òg løpenr. 7.<br><br>Bustadnamnarkivet (1957):<br><br><br><b>Kartverkets vurdering:</b><br>Rota i samsvar med bygdeboka, opplysningane i Bustadnamnarkivet, samt Språkrådets tilråding.<br>Rota var òg føreslege skrivemåte i namneinnsamlinga gjord i 2008-2009. | Rota                  |
| 11           | Hommsli<br><br>Li                                | Tilråding: <b>Hommsli</b> med éin m i samsvar med norske rettskrivingsprinsipp  | <b>Uttale og skriftradisjon:</b><br><i>Hommsli</i> på økonomisk kartverk frå 1975.<br><br><b>Høyringsfråsegner:</b><br>Knut Kjetilson Homme skriv: «HOMMSLI - heiter skogslii under Hommfjødd.»  | Hommsli               |

| Løpe-<br>nr. | Namn i<br>offentleg<br>bruk/forslag<br>Type stad | Merknader og tilråding frå Språkrådet | Uttale og skriftradisjon<br>Høyingsfråsegner<br>Kartverkets vurdering | Kartverkets<br>vedtak |
|--------------|--|---------------------------------------|---|-----------------------|
|--------------|--|---------------------------------------|---|-----------------------|

|    |  |   |  |                 |
|----|--|---|--|-----------------|
|    |  |   | <b>Kartverkets vurdering:</b><br>Homsli med éin <i>-m-</i> , i samsvar med norske rettskrivingsprinsipp, jf. lov om stadnamn § 4 første ledd andre punktum.  |                 |
| 12 | Homfjellet<br>Hommsfjødd<br>Hommfjødd<br><br>Fjell | Tilråding: <b>Homfjødd</b> med éin m i samsvar med norske rettskrivingsprinsipp, skrivemåten <i>-fjødd</i> i samsvar med uttalen. SSR har registrert både <i>-fjell</i> og <i>-fjødd</i> som etterledd i Valle, men flest <i>-fjødd</i> . Fleire namn er registrerte med begge skrivemåtar, og det varierer om det er <i>-fjell</i> eller <i>-fjødd</i> som står som prioritert form. | <b>Uttale og skriftradisjon:</b><br><i>Homfjellet</i> m.a. på Norge 1:50 000 frå 1970.<br><i>Hommsfjødd</i> på økonomisk kartverk frå 1975.<br><br><b>Høyingsfråsegner:</b><br>Knut Kjetilson Homme skriv: «HOMMFJØDD - er namnet på fjellet som strekkjer seg frå Laugardalen til Einang.»<br><br><b>Kartverkets vurdering:</b><br>Kartverket vedtok 14.10.2020, i namnesak 2022/178, skrivemåten <i>Heddesfjellet</i> for namnet på eit fjell i Valle kommune. Vedtaket var i samsvar med tilrådinga frå Språkrådet, og i grunngjevinga skreiv vi m.a.: <i>Skrivemåten -fjell er i tråd med lov om stadnamn § 1, som seier at stadnamn skal ha ein skrivemåte «som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet».</i> <i>Lokalbefolkninga vil uttale namneleddet fjødd sjølv om korrekt norsk rettskriving, fjell, nyttas, medan meininga til namnet også vil være klart for utanforståande.</i> Forskrift om stadnamn § 1 første ledd seier at stadnamn som inneheld allment kjende ord og namneledd som hovudregel skal skrivast i samsvar med rettskrivinga. § 3 i forskrifta opnar for bruk av lokal dialektformer <i>når særlege</i> | <b>Homfjell</b> |

| Løpe-<br>nr. | Namn i<br>offentleg<br>bruk/forslag<br>Type stad    | Merknader og tilråding frå Språkrådet  | Uttale og skriftradisjon<br>Høyringsfråsegner<br>Kartverkets vurdering  | Kartverkets<br>vedtak                                    |
|--------------|---|--|---|--|
|              |   |  | <p><i>grunnar talar for det.</i> Dei utfyllande reglane presiserer at slike lokale former kan nyttast meir i førsteleddet enn i sisteleddet i samansette namn. Det er ein sterk tradisjon for skrivemåten <i>-fjødd</i> i Valle, med 89 godkjende skrivemåtar med dette namneleddet registrert i SSR, fleire enn nokon annan kommune, men det er likevel fleire godkjende skrivemåtar med <i>-fjell</i> (110). Det er svært liten tradisjon for å vedta skrivemåten <i>-fjødd</i>, med til saman berre tre registrerte vedtak i SSR. I samsvar med forskrift om stadnamn § 1 første ledd og vedtakspraksis fastset Kartverket skrivemåten <b>Homfjell</b>.</p> <p>Om Valle kommune generelt ønsker skrivemåten <i>fjødd</i> for dette namneleddet, kan kommunen be Kartverket om å reise namnesak for å fastsetje skrivemåten av dette namneleddet i Valle.</p> |  |
| 13           | <p>Homsåni<br/>Hommsåne<br/>Kvinnåne</p> <p>Elv</p> | <p>I bygdeboka er skrivemåtane <i>Hommsåne</i> og <i>Kvinnåne</i> nytta.</p> <p>Tilråding: Både <b>Homsåne</b> (éin m i samsvar med norske rettskrivingsprinsipp) og <b>Kvinnåne</b> bør stå som namn på elva i SSR. Endinga -ne i samsvar med dialektuttalen, jf. punkt 4.1.5 i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn.</p> | <p><b>Uttale og skriftradisjon:</b><br/><i>Homsåni</i> på Norge 1:50 000 frå m.a. 1970.<br/><i>Hommsåne</i> på økonomisk kartverk frå 1975.</p> <p><b>Høyringsfråsegner:</b><br/>Knut Kjetilson Homme skriv: «HOMMSÅNE - eller KVINNÅNE - er elvi som renn frå Stavatn og Laugardalen og ut i Otra (Storåne). KVINNÅNE er den lokale uttalen (namnet) som me brukar her i Homm.»</p>  | <p><b>Homsåne</b><br/><b>Kvinnåne</b><br/>(sidenamn)</p> |

| Løpe-<br>nr. | Namn i<br>offentleg<br>bruk/forslag<br>Type stad | Merknader og tilråding frå Språkrådet | Uttale og skrifttradisjon<br>Høyringsfråsegner<br>Kartverkets vurdering | Kartverkets<br>vedtak |
|--------------|--|---------------------------------------|---|-----------------------|
|--------------|--|---------------------------------------|---|-----------------------|

|  |  |  |   |  |
|--|--|--|---|--|
|  |  |  | <p><b>Kartverkets vurdering:</b><br/>Knut Kjetilson Homme skriv at <i>Kvinnåne</i> er det lokale namnet på elva, og den lokale uttalen av namnet. Bygdeboka stadfester at dette er det lokale namnet, og nyttar same skrivemåte. Kartverket fastset derfor <b>Homsåne</b> og <b>Kvinnåne</b> som sidenamn (likestilte namn). <i>Homsåne</i> med éin -<i>m-</i>, i samsvar med norske rettskrivingsprinsipp, og namna med <i>-ne</i>-ending i samsvar med uttalen.</p> |  |
|--|--|--|---|--|